

Takk for tilbakemelding/rapport, vi tek med oss innhaldet og det kjem til nytte både for oss og framtidige arrangørar.

Vi har fått berre postive tilbakemeldingar på arrangementet og de kan vere stolte av nok eit godt gjennomført arrangement på Osterøy!

**Narve Heggheim**  
organisasjonssjef Norges Friidrettsforbund

## **NM terrengløp Osterøy 7-8.april 2018 Rapport**

### **Forberedelser**

Forberedelsene starta sommaren 2017 der det vart utpeika ein hovudkomite. Desse har hatt ein 5-6møte fram til NM. Det har vore jobba godt på markedssida slik at me kjem nokonlunde greitt ut økonomisk. Utan desse inntektene hadde me gått med underskot.

### **Medaljer**

Kom seint (UM). Veteranmedaljer kom ved at person i veteranutvalget tok kontakt. Vi trudde desse kom automatisk..

Medaljene til senior verkar uforholdsmessig kostbare.

### **Startnummer/stafettpinnar**

Startnummer frå EQ timing verka fint på laurdag. På søndag fungerte ikkje innstikka i stafettpinnane på grunn av at me brukte metallpinnar. Heldigvis fungerte manuell tidtaking, men vi missa etappetider. Me har fått vita i ettertid at me skulle ha brukt veteranklassenr istadenfor startnummer på ryggen til veteranane.

### **Media**

Bygdanytt lokalavisa vår hadde 3siders forehandsreportasje og 4siders reportasje frå mesterskapet i tillegg til livesending. Me hadde ikkje streaming. Dette pga usikker økonomi på førehand. Me hadde planer om dronefilming men det rann ut i sanden. Bergensavisen, Kondis og Friidrett var og tilstades og laga reportasje. I tillegg dro eg kjensel på nokre frilansarar som rapporterer for diverse lokalaviser.

### **Påmeldingsystem/lisens**

Før me hadde fått heilt avklart dette med lisens valgte me å nytta sportsadmin som påmeldingsystem. Dette fungerte for så vidt greitt bortsett frå dette med eingongslisensar som har gjeve ein del meirarbeid/etterarbeid. Hadde med visst dette hadde me vurdert å nytta eq-timing sitt system til påmelding. No vart påmeldingsfilene frå sportsadmin lest over i eq-timing noko som gjekk greitt etter litt hjelp frå eq-timing.

### **Løyper**

Løypene var 1km lange som vart løpt henholdsvis 2 og 3 ganger individuelt. Grunna sein vår og små i løypa så seint som 2 dagar for start vart det uungåelig at løparane steig igjennom på enkelte parti, men stort sett var underlaget fast og fint. Me justerte enkelte plasser undervegs får å fordela tråkket utsatte stader.

### **Speaker**

Speakertenesta fungerte veldig bra. Eit godt speakerteam som hadde forberedt seg godt klarte og skapa engasjement og spenning i kvart einaste heat.

### **Tidsskjema/heatoppsett**

I høve til tidlegare arrangørar valgte me å kjøra fleire heat, men med stramt tidsskjema og ikkje egne bolkar for premieutdeling. Me hadde eigen speaker for premieutdeling. Dette synes me fungerte fint.

### **Barneløp**

Laurdag hadde me barneløp med om lag 170deltakarar for NM starta. Dette gav også ekstra stemning og mykje publikum. Me hadde Haus musikklag som og bidrog med musikk og speling under opningsseremonien. Me vil oppfordra andre arrangørar til å gjera det same, men det krev mykje arbeid å få mange born på plass.

### **Opningsseremoni**

Fungerte greitt med taler frå friidrettspresident og ordførar. Viktig med detaljplanlegging av seremoni/manus for speaker.

### **Høytaleranlegg**

Vi nytta forbundet sitt anlegg som me kjenner godt frå Lerøy-lekene. Dette fungerte fint.

### **Økonomi**

Som nevnt kjem me greitt ut økonomisk med det me kjenner til så langt, men dette skyldast overraskande bra utteljing på markedssida. Då dei øvrige inntektene er nokså beskjedne og det er betydelege kostnader knytta til eit slikt arrangement, er usikker økonomi ein viktig faktor i høve til eventuelle seinare NM søknader for dette meisterskapet. Vi meiner generelt at startkontigenten for individuelle starter kanskje er litt låg. Den er no oppjustert til 175kr rett etter vårt arrangement vart gjennomført.

### **NM reglement**

Dette er eit arrangement som omhandler um, jr, senior og veteran. Det har vore litt utfordrande å setja seg inn i reglane for dei forskjellige mesterskapene som her arrangeres samtidig. Det er framleis reglar knytta arrangementet som er uklart for oss etter at arrangementet er gjennomført... Er det for eksempel slik at ein veteran deltek i seniorklassen sjølv om han ikkje spring i seniorheatet og kan han krevja å bli sett over i seniorheatet og deltek han då også i veteran...?

### **Deltaking**

Med drøyt 200 påmeldte og veldig få programheltar blei det grei deltaking på dette mesterskapet samanlikna med dei siste åra. Likevel kunne det vore mykje betre og det må arbeidast vidare med å gjera det meir attraktivt både å arrangera og å delta i NM terrengløp om det skal ha livets rett. Nærare halvparten av deltakarane kom frå arrangørfylket. Også god deltaking frå Rogaland, Agder og Trøndelag, mens det var heller dårlig frå Østlandet og ingen frå Nord-Norge.

### **Oppsummering**

Me takkar for eit godt samarbeid for denne gongen, og ser fram til forhåpentligvis nye mesterskap på Osterøy. Me vi gjerne delta i prosessen forbundet held på med i høve til NM arrangement – korleis få fleire søkjarar m.m.

Med venleg helsing

Osterøy IL friidrett

v/Bjarte Lohne